

SAK 25/24 SØKNAD OM STØTTE TIL LANDSKAPPLEIKEN 2024**Saksopplysning:**

Landskappleiken kjem til Gol i tidsrommet 26- 30.06.24. Dette er ein stor folkemusikkfestival der 5000 -6000 tilreisande frå heile landet kjem til Gol for å vera sjå og høyre eller konkurrere i ulike klassar som t d hardingfele, fele, durspel, langeleik, bukkehorn, kveding, pardans, lagdans og lausdans for å nemne noko.

Regionrådet har tidlegare gitt kr. 40 000 til Gol spel og dansarlag som skulle gå til folkedansopplæring av ungdom i Hallingdal i framkant av arrangementet. No søker Landskappleiken om støtte på opptil kr 50 000.

Vurdering:

Regionrådet for Hallingdal har tradisjonelt vore forsiktige med å gje tilskot til arrangement og festivalar. Argumenta for dette har m.a. vore at det ikkje skal gjevast driftstilskot til årlege arrangement av våre utviklingsmidlar og at tilskot frå det offentlege bør koma frå den eller dei kommunane som er vertskap for arrangementet eller som har størst «effekt» av arrangementet. Det er likevel ingen retningslinjer som seier at me ikkje kan støtte arrangement eller hendingar som er viktige for Hallingdal

Landskappleiken 2024 er eit stort arrangement som involverer store delar av dalen og som på ein positiv måte profilerer Hallingdal. Arrangementet har både arrangørar og utøvarar frå heile regionen og vil kunne sette Hallingdal på kartet både ved å gje ei positiv oppleving til dei mange tilreisande, men også gjennom omtale i media. I tillegg vil eit så stort arrangement vera bra for næringslivet i dalen.

Arrangøren håpar på eit bidrag på kr. 50000 frå Regionrådet, men seier at alt kjem godt med. Dagleg leiar meiner at ei økonomisk støtte kan forsvaras om ein tenkjer profilering og foreslår at Regionrådet løyver kr. 30 000 til Landskappleiken.

Forslag til vedtak:

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 30000 til Landskappleiken 2024 på Gol. Pengane skal takast av strategisk plan midlane i regionrådet

Hallingdal, 15. mars 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg 1:
Søknad frå Landskappleiken

Vedlegg: Søknad frå Landskappleiken

Hei

Gol skal arrangere Landskappleiken til sommeren og i den forbindelse håper vi på litt støtte fra Regionrådet i Hallingdal.

Vi håper på ett bidrag på kr 50.000, men blir glad for all støtte vi kan få, både mer og mindre.

Vedlagt har vi laget informasjon om både oss og kappleiken.

Vi håper på en positiv tilbakemelding fra dere innen 1. februar 2024. Skulle du ha behov for ytterligere informasjon, må dere bare ta kontakt med oss igjen.

Med vennlig hilsen
LANDSKAPPLEIKEN GOL 2024

Mona Lindh England
Økonomiansvarlig